



Hordaland fylkeskommune
Samferdselsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vedtaksbrev

Dykkar ref.
2015/10633

Vår ref.
16/1511-6/FE - 121, HistSak -
12/1086/84

Stad/Dato:
20.03.2017

Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - Høyringsuttale frå Øygarden kommune

Den ovannemnde saka er behandla med følgjande vedtak:

Kommunestyret 15.03.2017 - saksnr. 013/17:

1. Øygarden kommunestyre er positive til mykje av intensjonane og innhaldet i Regional transportplan Hordaland 2018-2029.
2. Kommunestyret i Øygarden er positiv til at fylkeskommunen i innleiinga til Regional areal- og transportplan 2017-2028 presiserer at planen ikkje er juridisk bindande og ikkje inneheld regionale planføresegner, og føreset at dette også gjeld Regional transportplan Hordaland 2018-2029.

Kommunestyret er samstundes spørjande til retningslinjer i begge planane som gjev uttrykk for at planane kan heimla motsegn mot kommunale planar og tiltak, og finn at dette ikkje er i samsvar med dei nemnte punkta ovanfor. Kommunestyret vil difor be fylkeskommunen gjere spesifikke vedtak til begge plandokumenta som tydeleg presiserer at evt. motsegn berre vil verte vurdert nytta heilt unntaksvis, føreset ei konkret og tydeleg grunngjeving, og berre kan vere aktuelt når ein har hatt ein grundig kontakt og dialog mellom partane for å skje å verte samde om gode felles løysingar.

Ein må unngå at planen vert eit dokument eit dokument som heimlar høvet til å detaljstyre kommunane.

3. Plandokumentet manglar omtale, drøftingar og perspektiv for kva situasjon som vil gjelde når ei rekkje av kommunane i Hordaland om kort tid går saman i nye og vesentleg større einingar. Kommunestyret vil be om at dette vert prioritert ved at fylkeskommunen tek initiativ til snarleg igangsetting av eit slikt arbeid saman med primærkommunane.
4. Det er bra at fylkeskommunen vil arbeide aktivt i høve sentrale styresmakter for å få realisert viktige nasjonale og regionale prosjekt. Rådmannen set pris på fylket sin rolle

i arbeidet med å realisera Sotrasambandet, men vil også understreka kor viktig det er å prioritera fylkesvegane Fv 561 og Fv 555 frå Kolltveit til Øygarden og Sund kommunar.

5. Mange av tiltaka som står i handlingsprogrammet bak i planen er viktige, og Øygarden vil gjerne delta direkte i arbeidet med dei fleire av dei. Ein har von om å verte invitert til dette både administrativt og politisk, og håpar at arbeida kjem i gang i samsvar med tidsplanen. Som ein har gjeve uttrykk for i uttalen til areal- og transportplanen, så er det kanskje særleg viktig at igangsetting av arbeidet med ein handlingsplan for innfartsparkering vert høgt prioritert.

Les heile saka under.

Med helsing

Jarle Kåre Oen
kommuneplanleggjar



Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kommunestyret (KS)	15.03.2017	013/17
Formannskapet (FS)	08.03.2017	011/17

Arkiv: FE - 121, HistSak - 12/1086
Sakshandsamar: Jarle Kåre Oen

Arkivsaknr: 16/1511 - 4

Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - Høyringsuttale

Kort om saka:

Hordaland Fylkeskommune har sendt Regional transportplan Hordaland 2018-2029 på høyring til kommunane i fylket med høyringsfrist 7.april 2017. Planen er ei rullering av tilsvarande plan for perioden 2013-2024.

Planen legg grunnlag for fylkeskommunen sine prioriteringar gjennom handlingsprogram og budsjettvedtak, samstundes som den skal gje innspel og føringar til prosessar som gjeld Hordaland, men som ligg utanfor fylkeskommunen sitt direkte ansvarsområde. Planen er forankra i Regional planstrategi. Planen inneheld ei rekkje mål knytt til ulike innsatsområde, og eit eige handlingsprogram for gjennomføring av planen.

Rådmannen meiner at planen med fordel kunne vore gjort enklare tilgjengeleg ved å redusera mengden mål, strategiar og ikkje ferdigformulerte tiltak. Samstundes er det ein viktig plan tematisk sett, og den inneheld fleire tiltak som Øygarden kommune vert omfatta av, og som det er ønskje om å vera med å utvikla i samarbeid med Fjell og Sund kommune.

Rådmannen har ein generell innvending til planen om at ein er redd terskelen for å utløysa motsegn vert senka i Øygarden kommune sin disfavør. Det er eit ønskje om at Fylkeskommunen i tida framover er aktiv, og inviterer til samarbeid når det gjeld å drøfta problemstillingar og utfordringar knytt til samanslåing. Spesifike område som er viktig for kommunane vest om sotrabrua er mellom anna finansiering og bygging av nye fylkesvegar frå Kolltveit i Fjell i retning Øygarden og Sund, og likeins prioritera å få fortgang i arbeidet med innfartsparkeringsplassar.

Dokument vedlagt saka:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
23.02.2017	HØYRINGSDOKUMENT	33933
23.02.2017	PLANUTKAST	33934

Saksopplysningar:

Hordaland Fylkeskommune (Hfk) har sendt Regional transportplan Hordaland 2018-2029 på høyring til kommunane i fylket med høyringsfrist 7.april 2017. Planen er ei rullering av tilsvarande plan for perioden 2013-2024. Høyringa er delvis koordinert med høyringa av Regional areal- og transportplan for Bergensområdet, som skjer samstundes. Jf parallell handsaming i Fjell formannskap og i kommunestyret. Begge planane skal slutthandsamast i Fylkestinget i juni 2017.

Planen legg grunnlag for fylkeskommunen sine prioriteringar gjennom handlingsprogram og budsjettvedtak, samstundes som den skal gje innspel og føringar til prosessar som gjeld Hordaland, men som ligg utanfor fylkeskommunen sitt direkte ansvarsområde. Planen er forankra i Regional planstrategi, og inneheld ei rekkje mål, strategiar og tiltak knytt til ulike innsatsområde, og eit eige handlingsprogram for gjennomføring av planen. Den er også eit grunnlag for eit eige investeringsprogram for fylkesvegnettet, som skal på høyring hausten 2017.

Planarbeidet har vore organisert med ei administrativ prosjektgruppe frå Hfk, regionråda i fylket, Bergen kommune og Statens vegvesen. Sund kommune har vore administrativt representert i gruppa.

Planen legg til grunn ei rekkje nasjonale (kap.1.1.1). og regionale (1.1.2) føringar. Når planen vert vedteke i Fylkestinget i juni 2017, er den meint å legge»rammer for regionale etatar, staten og kommunane si verksemd og planlegging». (kap.1.2). Og vidare...»Planen er eit grunnlag for å reise motsegn til kommunale planforslag for dei styresmakter som vert råka og har motsegnrett. Motsegn skal berre nyttast når kommunale arealplanar er i strid med viktige nasjonale og regionale interesser, og skal alltid vurderast heilskapleg, med ei konkret grunngjeving.»

Overordna mål for arbeidet er formulert slik: «Hordaland skal ha eit sikkert transportsystem som ivaretek mobilitetsbehov og bidreg til omstilling til lågutsleppssamfunnet». (kap 2.1).

Kapitlet inneheld også fleire målformuleringar knytt til ulike tema, og ei rekkje strategiar inn under desse. Kapittel 3 er ein gjennomgang av utviklingstrekk og utfordringar i høve ei rekkje tema.

Kapitel 4 presenterer dei overordna økonomiske rammene for samferdslesektoren i fylkeskommunen, og bindingar for perioden 2018-2021 kva gjeld investeringar på fylkesvegnettet. Samla investeringsramme er meir enn 3 mrd. kr. Korkje Fjell eller dei to næraste nabokommunane er representert i dette oversynet. Kap. 4.2.8 inneheld ei kort drøfting av premissane for fylkeskommunal forskotering av fylkesvegtiltak.

Dei neste 5 kapitla – kap.5 – kap.9, går nærare inn på dei temaene som ein omtalte kort i kap.2. Også desse inneheld eit stort tal hovudmål, delmål, strategiar og tiltak med bakgrunn i ulik statistikk og anna informasjon.

Av måla og strategiane merker er kanskje følgjande særleg aktuelt:

Fylkesvegnettet:

- Vedlikehald og utbetringar vil bli prioritert framføre nye større vegprosjekt.

- Ein vil prioritere trygge skuleveggar og trafikksikring

Kollektivstrategi:

- Styrke kollektivtilbodet for dei store reisestraumane

Transportsystemet i Bergensområdet:

- Kraftig auke i bruken av miljøvenlege transportformer
- Nullvekst i personbiltransporten
- Styrke samarbeidet med Bergen kommune og regionsenterkommunane i Bergensområdet

Regionsenter:

- Etablere knutepunkt som sikrar enkle byte mellom ulike transportmiddel, inkludert innfartsparkering for regionsentra i Bergensområdet.
- Invitere alle regionsentra til å inngå sykkelbyavtale

Statlege ansvarsområde:

- Arbeide aktivt inn mot sentrale styresmakter for å få realisert viktige nasjonale og regionale prosjekt i Hordaland.

Kvart av desse 5 kapitla vert avslutta med eit punkt nemnt som «Tiltak». Dei fleste av desse er i stikkordsform, og er ikkje konkretisert m.o.t handling, tidspunkt for gjennomføring, kostnader, finansiering o.l.

Den avsluttande vedleggsdelen – Handlingsprogram 2018-2021 – inneheld eit tal meir konkretiserte tiltak, knytt til dei nemnte temaene. Av dei til saman tjue tiltaka er primærkommunar involvert som deltakarar i om lag halvparten. Av desse er kanskje følgjande særleg relevante for Fjell, Sund og Øygarden:

- Tiltak 5.2: Etablere eit program for tiltak til trygg skuleveg. Oppstart 2017
- Tiltak 5.6: Prosjekt for tiltak på fylkesvegnettet knytt til reiselivet. Oppstart 2017
- Tiltak 6.1: Kartlegge behov og potensiale for å legge betre til rette for reiselivet sitt behov for kollektivtransport. Oppstart 2018
- Tiltak 8.1: Etablere eit Forum for regionsenterkommunar. Oppstart 2017
- Tiltak 8.2: Igangsette planarbeid for gang- og sykkeltiltak i regionsentra. Oppstart 2018
- Tiltak 8.3: Utvikling av kollektivterminalar og –knutepunkt i regionsentra. Oppstart 2018

Ein har også sett opp

- Tiltak 7.5: Utarbeide ein handlingsplan for innfartsparkering som oppfølging av Strategi for innfartsparkering. Oppstart 2017.

Dette tiltaket er sett opp slik at det ikkje inkluderer deltaking frå primærkommunar i arbeidet.

Økonomiske konsekvensar:

Det ligg ikkje føre nøyaktige talfesta kostnadsoverslag på tiltaka. Det vert vist til «Midlar frå Hordaland Fylkeskommune» i handlingsprogrammet 2018-2021

Miljøkonsekvensar:

Klimaplanen for Hordaland 2014-2030 ligg til grunn og skal særleg følgjast opp i transportplanen.

Folkehelseperspektiv:

Regional plan for folkehelse er ein av føringane som legg til grunn for planarbeidet.

Vurdering og konklusjon:

Regional transportplan for Hordaland er ein av ei rekkje regionale plandokument som kjem frå Hordaland fylkeskommune med jamne mellomrom. Kommunane vert gjerne kjend med dei gjennom direkte administrativ deltaking i planarbeidet. Og dei kjem som regel til politisk handsaming i kommunane gjennom eigne høyringar. Denne gongen får kommunane to planar til høyring samstundes, - denne transportplanen for Hordaland og Regional areal- og transportplan for Bergensområdet. Temamessig er transportplanen meir avgrensa og meir fokusert på fylkeskommunen sitt ansvarsområde fylkesvegar. Men begge har til felles at dei er sær ordrike, og har eit omfattande «hierarki» av mål, retningslinjer, strategiar og tiltak. Handlingane som dette leiar til, er også gjerne utarbeiding av nye plandokument og ulike utgreiingar.

Eit anna felles trekk ved fleire av planane, er at dei søkjer å legge grunnlag for at dei regionale styresmaktene skal ha stadig sterkare makt og innflytelse på primærkommunane sin råderett over eigne tiltak og eigne planar gjennom auka tilgang til bruk av motsegn. Rådmannen er ikkje positiv til dette, og då særleg når det vert formulert som ein slags selvfølge. Rådmannen er samd i at det i mange samanhengar er naturleg og tenleg å vurdere mange tiltak og planar i eit større perspektiv enn det som ligg innafor grensene til den enkelte kommune. Det regionale perspektivet er viktig, men må forvaltast i eit nært og respektfullt samarbeid mellom dei kommunale og dei regionale aktørane.

Rådmannen saknar også eit regionalt perspektiv som er oppdatert på endringane som vil kome som eit resultat av samanslåinga av fleire av kommunane i fylket.

Rådmannen er positiv til fleire av strategiane og tiltaka planen inneheld. Det er bra at ein vil prioritera trygge skulevegar og trafikksikring, og styrke kollektivtilbodet for dei store reisestraumane som t.d mellom Bergen og regionsentra. Satsinga på bruken av miljøvenlege transportformer er også positivt, og likeins prioritering av innfartsparkering. Men som i Regional areal og transportplan er det viktig at ein ikkje vert så oppteken av regionsentra og effektivitet at ein gløymer at ein stor del av befolkninga og viktige verdiar i høve verdiskaping, kultur m.v ofte ligg utanfor dei tettast befolka områda.

Det er bra at fylkeskommunen vil arbeide aktivt i høve sentrale styresmakter for å få realisert viktige nasjonale og regionale prosjekt. Rådmannen set pris på fylket sin rolle i arbeidet med å realisera Sotrasambandet, men vil også understreka kor viktig det er å prioritera fylkesvegane Fv 561 og Fv 555 frå Kolltveit til Øygarden og Sund kommunar.

Mange av tiltaka som står i handlingsprogrammet bak i planen er viktige, og Øygarden vil gjerne delta direkte i arbeidet med fleire av dei. Ein har von om å verte invitert til dette både administrativt og politisk, og håpar at arbeida kjem i gang i samsvar med tidsplanen. Som ein har gjeve uttrykk for i uttalen til areal- og transportplanen, så er det kanskje særleg viktig at igangsetting av arbeidet med ein handlingsplan for innfartsparkering vert høgt prioritert.

Innstilling til tilråding:

1. Øygarden kommunestyre er positive til mykje av intensjonane og innhaldet i Regional transportplan Hordaland 2018-2029.
2. Øygarden kommunestyre vil likevel klart tilkjenne at ein ikkje ønskjer ein plan som i utgangspunktet formelt søker å heimla retten til motsegn mot planar og vedtak i primærkommunane. Motsegn skal berre unntaksvis kunne vurderast, og då berre når alle regulære måtar for kontakt og dialog mellom partane er nytta og desse ikkje har ført fram til rimeleg semje. Ein må unngå at planen vert eit dokument som heimlar høvet til å detaljstyre kommunane.
3. Plandokumentet manglar omtale, drøftingar og perspektiv for kva situasjon som vil gjelde når ei rekkje av kommunane i Hordaland om kort tid går saman i nye og vesentleg større einingar. Kommunestyret vil be om at dette vert prioritert ved at fylkeskommunen tek initiativ til snarleg igangsetting av eit slikt arbeid saman med primærkommunane.
4. Det er bra at fylkeskommunen vil arbeide aktivt i høve sentrale styresmakter for å få realisert viktige nasjonale og regionale prosjekt. Rådmannen set pris på fylket sin rolle i arbeidet med å realisera Sotrasambandet, men vil også understreka kor viktig det er å prioritera fylkesvegane Fv 561 og Fv 555 frå Kolltveit til Øygarden og Sund kommunar.
5. Mange av tiltaka som står i handlingsprogrammet bak i planen er viktige, og Øygarden vil gjerne delta direkte i arbeidet med dei fleire av dei. Ein har von om å verte invitert til dette både administrativt og politisk, og håpar at arbeida kjem i gang i samsvar med tidsplanen. Som ein har gjeve uttrykk for i uttalen til areal- og transportplanen, så er det kanskje særleg viktig at igangsetting av arbeidet med ein handlingsplan for innfartsparkering vert høgt prioritert.

Behandling i Formannskapet (FS) 08.03.2017:

Samrøystes tilråding i samsvar med innstillinga.

Vedtak i Formannskapet (FS) - 011/17

Innstillinga vart tilrådd.

Behandling i Kommunestyret (KS) 15.03.2017:

Forslag til nytt punkt 2 - Foreslått av Børge Haugetun TVØ

2. Kommunestyret i Øygarden er positiv til at fylkeskommunen i innleiinga til Regional areal- og transportplan 2017-2028 presiserer at planen ikkje er juridisk bindande og ikkje inneheld regionale planføresegner, og føreset at dette også gjeld Regional transportplan Hordaland 2018-2029.

Kommunestyret er samstundes spørjande til retningsliner i begge planane som gjev uttrykk for at planane kan heimla motsegn mot kommunale planar og tiltak, og finn at dette ikkje er i samsvar med dei nemnte punkta ovanfor. Kommunestyret vil difor be fylkeskommunen gjere spesifikke vedtak til begge plandokumenta som tydeleg presiserer at evt. motsegn berre vil verte vurdert nytta heilt unntaksvis, føreset ei konkret og tydeleg grunngjeving, og berre kan vere aktuelt når ein har hatt ein grundig kontakt og dialog mellom partane for å skje å verte samde om gode felles løysingar.

Røysting: Endringsforslaget vart samrøystes vedteke.

Forslag til tilleggssetning i nytt pkt 2 - Foreslått av Silvia Haugland TVØ

Ein må unngå at planen vert eit dokument som heimlar høvet til å detaljstyre kommunen.

Røysting: Forslaget vart samrøystes vedteke.

Desse tok ordet i saka:

Børge Haugetun (TVØ), Atle Dåvøy (Krf)

Innstillinga vart vedteke slik ho låg føre med nytt punkt 2.

Vedtak i Kommunestyret (KS) - 013/17

1. Øygarden kommunestyre er positive til mykje av intensjonane og innhaldet i Regional transportplan Hordaland 2018-2029.
1. Kommunestyret i Øygarden er positiv til at fylkeskommunen i innleiinga til Regional areal- og transportplan 2017-2028 presiserer at planen ikkje er juridisk bindande og ikkje inneheld regionale planføresegner, og føreset at dette også gjeld Regional transportplan Hordaland 2018-2029.

Kommunestyret er samstundes spørjande til retningsliner i begge planane som gjev uttrykk for at planane kan heimla motsegn mot kommunale planar og tiltak, og finn at dette ikkje er i samsvar med dei nemnte punkta ovanfor. Kommunestyret vil difor be fylkeskommunen gjere spesifikke vedtak til begge plandokumenta som tydeleg presiserer at evt. motsegn berre vil verte vurdert

nytta heilt unntaksvis, føreset ei konkret og tydeleg grunngjeving, og berre kan vere aktuelt når ein har hatt ein grundig kontakt og dialog mellom partane for å skje å verte samde om gode felles løysingar.

Ein må unngå at planen vert eit dokument eit dokument som heimlar høvet til å detaljstyre kommunane.

1. Plandokumentet manglar omtale, drøftingar og perspektiv for kva situasjon som vil gjelde når ei rekkje av kommunane i Hordaland om kort tid går saman i nye og vesentleg større einingar. Kommunestyret vil be om at dette vert prioritert ved at fylkeskommunen tek initiativ til snarleg igangsetting av eit slikt arbeid saman med primærkommunane.
1. Det er bra at fylkeskommunen vil arbeide aktivt i høve sentrale styresmakter for å få realisert viktige nasjonale og regionale prosjekt. Rådmannen set pris på fylket sin rolle i arbeidet med å realisera Sotrasambandet, men vil også understreka kor viktig det er å prioritera fylkesvegane Fv 561 og Fv 555 frå Kolltveit til Øygarden og Sund kommunar.
1. Mange av tiltaka som står i handlingsprogrammet bak i planen er viktige, og Øygarden vil gjerne delta direkte i arbeidet med dei fleire av dei. Ein har von om å verte invitert til dette både administrativt og politisk, og håpar at arbeida kjem i gang i samsvar med tidsplanen. Som ein har gjeve uttrykk for i uttalen til areal- og transportplanen, så er det kanskje særleg viktig at igangsetting av arbeidet med ein handlingsplan for innfartsparkering vert høgt prioritert.

Siri Fahlvik Pettersen

Rådmann

Jarle Kåre Oen

Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.